

Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereform 13. april 2016

Tid: Onsdag 13. april 2016 kl. 09:00

Stad: Kantina, Sentrumsbygget

Til stades: Hans Petter Thorbjørnsen (ordfører, A), Jens Olav Holven (varaordfører, SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Guro Ljone (SV) og rådmann Joakim S.T. Øren (referent).

Ordfører informerte innleiingsvis om status i saka og kva som har skjedd sidan sist styringsgruppemøte. Eidfjord har handsama dei to intensjonsavtalane på nytt, og dei vedteke av eit samrøystes kommunestyre. Det vert lagt opp til folkerøysting i Eidfjord 23. mai (same som Ulvik, Ullensvang og Granvin).

Ordfører opplyste at ordføreren i Granvin, på vegne av styringsgruppa for kommunereform i Granvin, hadde gitt tilbakemelding om at eit alternativ berre med Granvin og Ulvik ikkje var aktuelt for Granvin sin del. Det var difor ikkje naudsynt å jobba meir med dette alternativet.

Det var deretter meiningsutveksling om den vidare prosessen, inkludert arbeidet med informasjonsavis og folkemøte. Informasjonsavisa skal etter tidsplanen sendast ut til husstandane 2. mai. Det vert folkemøte i Ulvik tysdag 10. mai kl. 19:00 – 21:00 i Kongressen.